



VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I VOLDA KOMMUNE

§ 1 EIGARTILHØVE/ADMINISTRASJON

Volda kommune eig og står ansvarleg for drifta av barnehagane. Rådmannen har det administrative ansvaret for barnehagane.

§ 2 FORMÅL

Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, forskrift til lova, og til ei kvar tid gjeldande rammeplan, og retningsliner frå Kunnskapsdepartementet, kommunale vedtak og planar for den einskilde barnehage.

Barnehagelova § 1:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg, leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal utfolde skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnad.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndomen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

§ 3 BEMANNING

Barnehagen si grunnbemanning og pedagogiske bemanning skal til ei kvar tid følgje gjeldande lov og forskrift.

§ 4 FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

For å sikre eit godt samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval jf. barnehagelova § 4.

4.1 Foreldreråd

Foreldrerådet er samansett av foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremme fellesinteresse til barn og foreldre, og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal ha rett til å uttale seg i saker som er viktig for deira forhold til barnehagen. Ved røysting i foreldrerådet gis det ei stemme for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

4.2 Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet er samansett av representantar frå foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehageeigar har ein representant i samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv. Styrar er sekretær og har møte, tale- og forslagsrett. Styrar har ikkje røysterett utan at han/ho er vald medlem. Samarbeidsutvalet skal i samarbeid med styrar sjå til at barnehagen vert drive i samsvar med lov, rammeplan, retningsliner, vedtekter og kommunale vedtak innanfor ramma av det vedtekne budsjett. Samarbeidsutvalet skal fastsetje årsplan for den pedagogiske verksemda.

Kvart organ vel sine representantar for eitt år med unntak av eigar sin representant som følgjer valperioden.

Kommunen kan vedta å ha felles samarbeidsutval for barnehage og skule der barnehage og skule er knytt til same bygning. Elevrepresentanten deltek då ikkje i saker som gjeld barnehage.

§ 5 OPPTAK

5.1 Samordna opptak

Volda kommune har samordna opptak. Foreldre/føresette sender søknad på felles elektronisk skjema. Søknadsskjema og vedtekter ligg på kommunen si heimeside. Søknadsfrist er 1. mars.

Ei opptaksgruppe samansett av administrasjonen, styrarane i kommunale- og private barnehagar samordnar og gjer hovudopptaket i mars månad. Tildeling av plass blir samordna i samsvar med søkjar sine prioriteringar.

Alle som vert tildelt barnehageplass får behalde plassen ut barnehageåret det året dei startar på skule.

5.2 Opptakskrins

Opptakskrins for dei kommunale barnehagane er Volda kommune. Dersom ein flyttar til ein annan kommune vil ein miste plassen etter 2 månader.

Ved ledig kapasitet kan born frå andre kommunar få plass. Tilbodet må vere avklart med bustadkommunen. Born frå andre kommunar får plass eitt år om gongen.

5.3 Rett til barnehageplass

Jf. barnehagelova § 16.

«Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt.
Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen»

5.4 Opptakskriterium

For opptak til dei kommunale barnehagane i Volda skal opptakskriteria ha følgjande prioritering:

1. Barn med nedsett funksjonsevne, jf. barnehagelova § 37.
2. Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4, andre og fjerde ledd.
3. Barn med særleg trong for barnehageplass p.g.a sosiale, helsemessige eller andre tilhøve i heimen.
- 4.. 5-åringar
5. Søsken til barn i same barnehage
6. Barn med lovfesta rett til plass.

Søklarar som meiner dei har rett til plass under kriterium 1 - 3 må sende inn tilråding frå sakkunnig instans til Volda kommune, sektor Oppvekst før 1. mars. Ved samansetjing av barnegruppene kan det takast omsyn til at det blir ei rimeleg fordeling av barna med tanke på alder og kjønn. Ved elles like kriterier vil det eldste barnet bli prioritert.

Søknadar som kjem inn etter søknadsfristen 1. mars, vil ein vurdere etter klagefristen for hovudopptaket.

5.5 Overflytting til ein annan barnehage

Ved søknad om overflytting gjeld same opptakskriterium som andre søkerar.

Når foreldra/føresette takkar JA til tilbod om overflytting, vil noverande tilbod bli avslutta.

5.6 Supplerande opptak

Det vert tildelt barnehageplassar gjennom heile året dersom barnehagane har ledige plassar.

5.7 Klage på opptak

Klage på hovudopptak i dei kommunale barnehagane skal ein sende til sektor for Oppvekst v/avdelingsleiar barnehage, og følgjer rutinar om forskrift om sakshandsaming ved opptak til barnehage.

Ved supplerande opptak, kan berre søkarar til barnehagen med lovfesta rett til prioritet etter barnehagelova § 18 klage.

§ 6 FORELDREBETALING

Foreldrebetaling og søskenmoderasjon vert regulert gjennom barnehagelova § 20 og til ei kvar tid gjeldande forskrift.

Kommunestyret skal godkjenne betalingssatsane i dei kommunale barnehagane. Stortinget fastset kvart år maksimalpris per måned og per år for plass i barnehage. Kostpengar kjem i tillegg. Foreldrebetalinga er månedleg i 11 månader, juli måned er betalingsfri. Betaling skjer etterskotsvis, det er forfall i slutten av kvar måned. Ved for sein betaling vil gebyr og renter kome i tillegg.

Dersom for sein henting fører til ekstra personalkostnader, må foreldre/føresette vere budde på å bere desse kostnadane.

Får barnet tildelt plass innan den 15. i mnd. må ein betale for heil måned. Får barnet tildelt plass etter den 15. vert det betalt for halv måned.

6.1 Moderasjon

Kommunen har søskenmoderasjon i barnehagane. Søskenmoderasjon er 30 % for barn nummer to og 50 % for dei andre barna. Søskenmoderasjon gjeld søsken som bur fast saman. Barn er fast busett på den adressa der det er folkeregisteret. Moderasjonen gjeld også dersom barna går i ulike barnehagar i kommunen. Det vert ikkje gitt søskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning (SFO).

Kommunen har ordning for reduksjon i foreldrebetaling og fritak for foreldrebetaling for 20 timar per veke jf. moderasjonsordning i forskrift om foreldrebetaling.

Det vert kravd full betaling sjølv om barnet er fråverande grunna sjukdom eller andre årsaker. Dersom eit barn er fråverande frå barnehagen grunna langvarig sjukdom eller skade, kan det gjevast betalingsfri etter 1 månad. Søknad om betalingsfritak må vere skriftleg og legererklæring må leggest ved.

6.2 Oppseiing

Oppseiing skal skje elektronisk via heimesida til Volda kommune. Oppseiingstida er ein månad rekna frå den 1. i påfølgjande månad.

Dersom barn ikkje skal gå i barnehage etter 1. mai, må foreldra/føresette seie opp plassen innan 31. mars. Vert plassen sagt opp etter 31. mars, må ein betale ut juni månad. Ved særskilte høve kan det gjerast unntak frå denne regelen. Unntak kan mellom anna gjerast dersom ein får inn eit nytt barn til den ledige plassen.

Kommunen kan seie opp plassen ved manglande betaling. Foreldre/føresette får melding om oppseiing med 1 månads frist. Uteståande foreldrebetaling vil bli lagt til grunn som avslag på plass ved seinare opptak til barnehage eller skulefritidsordning.

§ 7 OPNINGSTID – TILBOD

Barnehageåret er i perioden 01.08-31.07.

Barnehagens daglege opphaldstid kan variere i dei kommunale barnehagane. Styrar, etter drøfting med SU, har mynde til å avgjere opningstida innanfor ei tidsramme på 9 timar.

Barnehagane tilbyr 100 % barnehageplass.

Folkestad barnehage og Lauvstad barnehage har ei opningstid på 10 t. 15 min. pr. dag. Førsette med eit reelt behov i samband med pendling, kan etter avtale med styrar nytte seg av dette tilbodet. Elles så skal barna ikkje ha lengre opphaldstid enn 9 timar pr. dag. Plasstilbod i desse barnehagane: 80 % plass eller 100 % plass.

Barnehagane er opne 5 dagar i veka, med unntak av jul- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open fram til kl. 1200. Dersom det er færre enn 5 påmeldte barn i romjula og påske, vert barnehagen stengt.

Barnehagane er stengt tre veker om sommaren. Styrar, etter drøfting med SU, har mynde til å avgjere kva for veker barnehagen skal vere stengt.

I løpet av barnehageåret har barnehagane stengt 5 planleggingsdagar. Dagane vert gjort kjent i starten av barnehageåret. Dei vert rekna med i det årlege barnehagetilbodet som kommunen kan tilby. Dagane skal nyttast til å styrke kvaliteten på tilbodet og heve kompetansen til personalet.

§ 8 FERIE

Alle barn skal ha fire veker ferie, derav tre veker samanhengande om sommaren. Barn som skal starte på skule, skal avvikle ferien før nytt barnehageår startar.

Barna sin sommarferie må vere fastsett innan 01.05. inneverande år.

§ 9 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Barna sitt leike- og opphaldsareal inne er:

4 kvm per barn over 3 år, og

5.5 kvm per barn under 3 år.

Berekninga av areal tek utgangspunkt i dei barna som er tilstades, og dei rom som står til disposisjon for barna sine aktivitetar.

Ute bør arealet vere om lag seks gangar så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

§ 10 INTERNKONTROLL

Barnehagane skal ha interne rutinar og kontrollsystem som ivaretek krava til helse, miljø og sikkerheit. Styrar er ansvarleg for oppfølging av internkontrollrutinar i sin barnehage.

Kommunale barnehagar har internkontrollsystem i samsvar med kommunen sitt internkontrollsystem.

§ 11 TEIEPLIKT

Tilsette og medlemmar i samarbeidsutval har teieplikt etter § 44 barnehagelova, jf. forvaltningslova §§ 13 til 13 f. Alle skal skrive under erklæring om teieplikt.

§ 12 TILSETTE SI OPPLYSNINGSPLIKT

Barnehagetilsette har opplysningsplikt til sosialtenesta, kommunal helse- og omsorgstenester og barneverntenesta jf. barnehagelova §§ 45 og 46.

§ 13 POLITIATTEST

Alle som arbeider i barnehage skal legge fram tilfredstillande politiattest før tilsetting jf. barnehagelova § 30.

§ 14 HELSE

Før eit barn kan ta til i barnehage, skal det leggst fram erklæring om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til ordinær kontroll på helsestasjon, kan slik erklæring gis av føresette på eige skjema. Dersom ikkje, må føresette legge fram legeerklæring.

Sjuka barn skal ikkje møte i barnehagen.

Barnehagen følgjer Folkehelseinstituttets retningsliner ved sjukdom hos barn:

<https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/>

§ 15 FORSIKRING

Volda kommune har kollektiv ulykkesforsikring for barna i barnehagen.

Barna er forsikra på direkte veg til og frå barnehagen, i den tida dei oppheld seg i barnehagen, og på turar/utfluktar i barnehagen sin regi.

Informasjon om forsikringsavtalar får ein i barnehagen.

§ 16 ENDRINGAR I VEDTEKTENE

Vedtektene kan endrast av kommunestyret.

§ 17. IVERKSETTING

Vedtektene vert gjort gjeldande frå 01.08.2020.

Barnehagelova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

02.05.21 Redaksjonelle endringar gjennomført administrativt slik at vedtektene er i samsvar med barnehagelova.